



## Kommunereform

### Prosjektgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:

Vår referanse:

Dato:

Øystein Høyvik  
Tlf. 57612650

15/399-30-ØH-  
FE - 002

15.02.2016

## Kommunereform, referat frå møte i prosjektgruppa 12.02.16

Tidspunkt : Fredag 12.02.16 kl 11.30 – 13.00  
Stad : Førde rådhus, møterom Haukedalen

### Til stades frå prosjektgruppa:

Marit Solheim, Øyvind Bang-Olsen, Børge Tvedt, Elin Enebakk, Per Arne Tveit, Terje Heggheim, Rolf Bjarne Sund, Helge Følid, Trond Ueland, Bente Nesse, Stian Jakobsen, Håkon Lofthheim, Erik Askeland, Ole John Østenstad, og Øystein Høyvik.

### Fråfall prosjektgruppa:

Wenche Kvalvik og Ola Hovland.

### Andre til stades:

Kåre Træen, Svanhild Røkenes og Rolf Sanne-Gundersen.

### Utsendt dagsorden

1. Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 29.01.16
2. Nytt frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ Kåre Træen
3. Nytt frå kommunane v/ rådmennene
4. Informasjonsfoldar v/ Rolf Sanne-Gundersen
5. Rådgjevande folkerøysting – informasjon frå arbeidet i arbeidsgruppa v/ Øystein Høyvik
6. Ny innbyggjarundersøking for Fjaler, Førde og Solund v/ rådmennene
7. Besøk frå KMD v/ Øystein Høyvik
8. Involvering av ungdom v/ Øystein Høyvik
9. Nytt inntektssystem – høyringssvar?
10. Møteplan
11. Eventuelt

## Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 29.01.16

- Godkjent.

### **Nytt frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ Kåre Træen**

- Ang fylkesmennene si tilråding hausten 2016
  - Departementet arbeider med felles mal for alle embeta
  - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er byrja å utarbeide skriv til kommunane om kva som vil bli vektlagt i deira vurdering
- Fylkesmannen kjem til å sende høyringsuttale knytt til forslag om nytt inntektssystem

### **Nytt frå kommunane**

- Flora: Kystalternativet har fått si førebelse avklaring i og med Bremanger sitt standpunkt om ikkje å gå vidare. Flora kommune vil i styringsgruppemøte 16.02.16 fatte eigne avgjerder sett i høve Bremanger sitt standpunkt.

### **Informasjonsfoldar og annonsering i lokalmedia**

- Informasjonsfoldar
  - Utkast til informasjonsfoldar drøfta
  - Prosjektsekretariatet saman med Rolf Sanne-Gundersen får fullmakt til å fullføre utforming mv
  - Ein tek sikte på at foldarane skal vere i postkassane 10.03.16
  - Det må trykkast opp eit lite opplag som kommunane kan ha i eige servicetorg mv
  - Kostnader blir fordelt etter folke-/husstandstal – og inngår ikkje som del av prosjektrekneskapen
- Heilsides annonse i Firda, Firdaposten, Firda Tidend og Ytre Sogn
  - I avisene laurdag 19.03.16
  - Kostnad ca kr 100 – 120 000
  - Annonse skal
    - Oppmode om at innbyggjarane i Flora, Naustdal, Jølster, Gaular, Hyllestad og Askvoll bruker røysteretten 4. april 2016
    - Oppmode om at innbyggjarane i Solund, Fjaler og Førde svarar på telefon når Opinion gjennomfører innbyggjarundersøking
    - Informere om røysterettsalder
    - Informere om andre forhold
  - Prosjektsekretariatet saman med Rolf Sanne-Gundersen får fullmakt til å fullføre utforming mv
  - Kostnader blir fordelt etter folke-/husstandstal – og inngår ikkje som del av prosjektrekneskapen.

### **Rådgjevande folkerøysting**

- Svanhild Røkenes og Øystein Høyvik informerte frå arbeidet i arbeidsgruppa
- Referat frå møte i arbeidsgruppa 08.02.16 var gjennomgått og tatt til vitande
- Talet på røystesetlar må vere så stort at dei politiske partia kan få bestille til bruk i eige arbeid
- §2-2 i Vallova blir lagt til grunn for kven som har røysterett.

### **Ny innbyggjarundersøking for Fjaler, Førde og Solund**

- Innan tysdag 16.02 må kommunane gi tilbakemelding til Øystein Høyvik på om dei vil nytte Opinion til å gjennomføre undersøking, kva som skal vere spørsmålsstillinga mv
- Øystein Høyvik koordinerer arbeidet opp mot Opinion.

**Besøk frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) 23.02.16**

- Utkast til dagsorden vart drøfta – sjå tabell under:

Tidspunkt	Kva	Ansvar
Kl 10.00 – 10.10	Velkommen Innleiing om arbeidet som har skjedd i perioden 2014 - 2016	Olve Grotle Olve Grotle
Kl 10.10 – 10.35	3-4 ordførarar fortel om prosessen som har føregått i kommunane, og eventuelle utfordringar ein har møtt	Ordførarane
Kl 10.35 – 11.00	Statsråd Jan Tore Sanner kommenterer innlegga	Jan Tore Sanner
Kl 11.00 – 11.25	Dialog og spørsmål	Olve Grotle
Kl 11.25 – 11.30	Avklare behov for møte etter lunsj Avslutning	Olve Grotle Olve Grotle
Kl 11.30 – 12.30	Lunsj	
Kl 12.30 – 13.30	Evt framhald av styringsgruppe- og/eller prosjektgruppemøte	Olve Grotle

- Øystein Høyvik gjer endelege avklaringar med Olve Grotle og KMD
- KMD har bedt om at prosjektleiar utarbeider eit kort notat som viser tidslinja, status i dag og spesielle spørsmål vi er opptekne av i dag. I høve det siste spelte prosjektgruppa inn følgjande punkt:
  - Regionreforma
  - Nytt inntektssystem
  - Status når det gjeld oppgåvemeldinga.

**Involvering av ungdom**

- Korleis involvere ungdom i det vidare vart drøfta
- Kommunane blir oppmoda om å sende ungdommar og andre til «Folkemøte for ungdomsråda» 24. februar kl 17.00 – 20.00.

**Nytt inntektssystem**

- Det blir ikkje utarbeidd felles høyringssvar.

**Møteplan**

- Det vart ikkje gjort endringar.

**Eventuelt**

- Svarbrev frå KMD ang utsett vedtaksfrist vart omtalt
- Utarbeiding av felles vurderingsmal knytt til dei ulike alternativa (inkludert 0-alternativet) blir drøfta i møte 23.02.16

Øystein Høyvik  
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
v/ Kåre Træen, Styringsgruppa  
Styringsgruppa